



Program for Årdal Venstre

for perioden 2015-2019



Venstre prioriterar Unge fyrst.

Årdal Venstre vil vera eit tydeleg alternativ i kommune politikken.

Vår visjon er å gjera Årdal meir attraktiv som vertskommune.

Utdanning er nøkkelen til nyskapning, vekst og tilflytting. Me må i større grad utdanna framtidas etablerarar og følgja opp skulesatsinga med å vera best på etablering for unge menneske i overgangen til arbeidslivet!

Årdal Venstre ynskjer å gjera klare vegval komande periode ved å prioritera Skule, kultur og gründerånd for å gjera Årdal meir attraktiv som vertskommune.

Venstre vil:

- ✓ Bli best i fylket på skule, kultur og etablering.
- ✓ Fokusera på Årdal i eit Nytt Sogn og Fjordane.
- ✓ Vidareutvikla Årdal som attraktiv besøkskommune.

Er SKULE, MILJØ, VELFERD OG VERDISKAPING viktig for DEG? Dette er Årdal Venstre sine viktigaste prioriteringar.

Me vil arbeida for ein skule med gode lærarar, ei moderne næringsutvikling med eit næringsliv som skapar verdiar basert på grøn vekst.

Me vil arbeida for gode oppvekstvilkår med ein sterk Kultur- og musikkskule!

Venstre vil:

- ✓ Styrka barnehagane, skulen og vidaregåande skule!
- ✓ Arbeida for eit kulturtilbod med mangfald og høg kvalitet!
- ✓ Stimulera til auka etablering blant unge!

**Ynskjer du endring - STEM
ÅRDAL VENSTRE**



En god skule der du bur[.]

*Unge først! Det gjer
ungane våre til Årdal
Venstre si viktigaste
prioritering.*

Det viktigaste for ein god barnehage og ein god skule er gode lærarar!

Da får me ein barnehage og skule som satsar på kunnskap og gjev like moglegheiter til alle ungar!

Venstre vil:

- ✓ Prioritera barnehage og skule i kommunale budsjett!
- ✓ Prioritera innhald framføre struktur!
- ✓ Prioritera vidare og etterutdanning!
- ✓ Særleg blikk på å gje alle like moglegheiter!
- ✓ Styrka Årdal Vidaregåande skule med eit utdanningstilbod tilpassa lokale behov.
- ✓ Prioritera samarbeid med aktørar utanfor skulen!

Kulturtild med mang- fald og høg kvalitet[.]

Årdal Venstre vil oppretthalda og styrka satsinga innan kultur og oppvekst - fokus på mangfald og kvalitet.

Trivsel er nøkkelen til nyskaping og vekst. Eit godt kulturtild tilbod vil gjera Årdal enno meir attraktiv som vertskommune.

Årdal Venstre vil arbeida for å styrka den kommunal kultur og musikkskulen som ein viktig kompetansearbeidspllass.

Venstre vil:

- ✓ Ha ei eiga stilling med ansvar for kultursektoren.
- ✓ Styrka tilbodet med tilrettelagd opplæring og kompetanseheving tilpassa den enkelte elev.
- ✓ Styrka tilbodet innan musikterapi.
- ✓ Arbeida for betre samhandling mellom kommunen og idretten med fokus på framtidsretta organisering, anleggsutvikling og aktivitetstilbod.
- ✓
- ✓

Lettare å skapa arbeidsplasser

Om neste generasjon skal ha ein like trygg og god arbeidsmarknad som oss, må me legga til rette for dei som vil skapa nye arbeidsplassar no.

I ei tid der teknologi og samfunn endrar seg raskt, er det viktigare enn nokon gong å sleppa til mange kreative og engasjerte hovud for å finna dei gode ideane.

Venstre vil fjerna dei byråkratiske flaskehalsane som står i vegen for at desse vert til nye verdiar og nye, trygge arbeidsplassar.

Sosiale rettigheter til sjølvstendig næringsdrivande, endringar i skattesystemet slik at det løner seg å investera i arbeidsplassar og forenkla regelverk er viktige saker for Venstre.

Me må støtta dei verksemndene som har framtida framføre seg og dei arbeidsplassane som enno ikkje er skapt. Venstre vil gjera det enklare å starta eiga verksemnd. Me må ha gode vilkår for alle verksemder, og me er særskilt opptekne av dei minste verksemndene, gründarane og sjølvstendig næringsdrivande.

Venstre vil:

- ✓ Arbeida for fleire lærlingeplasar, trainee-program og praksisplassar for unge.
- ✓ Ha eit særskilt fokus på små og mellomstore verksemder.
- ✓ At tiltaksmidlane i størst mogleg grad skal gå direkte til gründaren.
- ✓ At det skal verta enklare å koma i gang for dei som tek risiko for å skapa noko nytt.
- ✓ Arbeida for å etalbera ein gündercamp.
- ✓ Ha statlege arbeidsplassar til Årdal.

Venstre vil:

- ✓ Arbeida for gode stønadsordningar for unge som vel å ta utdanning innan helse- og omsorg.
- ✓ Arbeida for at dei som ynskjer det skal få full stilling.
- ✓ Oppretthalda og styrka tilbodet innan psykiatri.
- ✓ Ha all demensomorg lagt til sjukeheimen i Seimsdalen.

Omsorg når du treng det

Dei fleste har det godt i Norge, men når du vert ramma av sjukdom, står utan jobb eller nærmar deg slutten av livet skal du føla deg trygg på at du blir sett og får hjelp.

Venstre vil arbeida for eit helsevesen som er der for deg i kvardagen, eit løysingsorientert NAV med moglegheit for å utøva skjønn når reglar står i vegen for fornuftige løysingar og retten til å bestemma over eigen kvardag når du blir gammal..

Årdal som vertskommune! [.]

Årdal har eit stort potensiale som vertskommune.

Me vil gjennom ein heilsakeleg, målretta og langsiktig plan arbeida for å vidareutvikla Årdal som vertskomune for tilreisande.

For å lukkast med dette må me systematisk jobba med å oppretthalda og styrka vårt omdøme.

Det er viktig at me tek heile Årdal i bruk. Årdal Venstre vil arbeida for ei tydeleg differensiering av tettstadsane Årdalstangen og Øvre Årdal. Men me vil ha ei tydeleg satsing på ei framtidsretta utvikling av begge sentrumsområda.

Nyskaping i reiselivsnæringa [.]

Årdal Venstre vil legga tilhøva tilrette for å stimulera til nyskaping innan reiseliv. Dette må gjerast i eit nært og godt samarbeid med etablerte aktørar i besøksnæringane. Samtidig ynskjer me og å legga tilhøva tilrette for utvikling av nye verksemder som utfyller og styrkar reiselivsnæringa.

Venstre vil:

- ✓ Utvikla "fjordsida" til ålmenn bruk frå gamle ferjekaien til saltviki - eit unikt område med stort potensiale.
- ✓ Arbeide for å stimulera til vidareutvikling av Utladalen og Jotunheimen til attraktive besøksmål lokalt, nasjonalt og internasjonalt.
- ✓ Arbeida for å styrka satsinga på fyrtårnarrangement som Nasjonalpark Festivalen og Målrock.



Stem Venstre om: [.]

Du ynskjer større mangfald og breidde i kommunestyret og formannskapet.

STEM ÅRDAL VENSTRE OM:

Du har tru på våre prioriteringar og ynskjer at venstre si stemme skal bli hørt når viktige politiske avgjærder som berører din kvardag skal takast.

Venstre vil prioritera:

- ✓ Unge fyrst.
- ✓ Ein god skule der du bur.
- ✓ Eit kulturtilbod med stort mangfald og høg kvalitet.
- ✓ Å gjera det lettare å skapa arbeidsplassar.
- ✓ Omsorg når du treng det.
- ✓ Å styrka Årdal som vertskommune.

Venstre sine kandidatar i Årdal.



1. Kurt Jevnaker(f.1971)

Ordførarkandidat

- Tidlegare leiar i Årdal Utvikling og no avdelingsleiar i Indre Sogn Sparebank. Aktiv innan kulturlivet i Årdal.



2. Silje Anette Teigen(f. 1995)

Student

- Har gjennom fleire år vore aktiv i Unge Venstre.



3. Øyvind Aga (f. 1975)

Sjølvstendig næringsdrivande

- Er aktiv i musikkmiljøet i Årdal. Gründer som eig og driv Skrivargarden AS.



4. Yvonne Romøren (f. 1990)

5. Marit Pedersen Hovland (f. 1962)

6. Anita Kristin Svingum (f. 1977)

7. Helge Øren (f. 1965)

Les mer om vår politikk og våre kandidater på våre nettsider.

venstre.no/Årdal



VENSTRE